

	<b>Autismespekter - utgreiing/behandling</b>		<b>Dokument-id: D21092</b>		
					
<b>Klinisk</b> Fagprosedyrar Lokale fagprosedyrar	<b>Utarbeidd av</b> Seksjonsleiar Margunn Skudal Nistad / Overlege Olav Roti	<b>Godkjent av</b> Nistad, Margunn Skudal	<b>Versjon</b> 1.00	<b>Gyldig frå</b> 08.05.2017	<b>Rev. innan</b> 08.05.2019
			<b>EK-ansvarleg</b> Berget, Solveig Horstad		

## Behandlingslinje for barn med mogleg autismespakterttilstand:

Avdelinga skal følge den anbefalte veilederen utarbeida ved Helse Vest. Sjå lenke under interne referansar.

### Faglig standard for diagnostisering av autismespekterforstyrrelser hos barn.

#### Utgreiing:

Med utgangspunkt i alder og antatt funksjonsnivå, avklarast utgreiing i Bhab eller BUP.

Utgreiing omfattar:

- Diagnostisering etter med beskriving av delområdevanskar
- Vurdering av intellektuelt funksjonsnivå
- Vurdering av generelt tilpassingsnivå
- Vurdering av ADL ferdigheiter
- Evt. vurdering av og psykisk helsetilstand
- Medisinsk vurdering inkl. kartlegging av sanser
- Ved samansette vanskar involverast aktuelle fagpersonar.
- Tilbakemelding til barnehage/ skule og andre aktuelle kommunale instansar, med føresette tilstades.
- Det er mål om at sluttrapport etter utgreiing, skal være sendt ut innan 14. dagar.

Det gjevast inf. til føresette og utarbeidast rapport med beskriving av ovannevnte.

Det bør setjast diagnosar etter ICD10 for ASD, evt intellektuell funksjon og betydeleg ADL avvik.

#### Tiltak:

Kvar pasient får tilbod tilpassa sine behov:

- Barnehabiliteringa skal bidra til iverksetjing av hensiktsmessige tiltak ut frå sosial, helsemessig og adaptiv fungering.
- Informasjon til foreldre om diagnose
- Informasjon om mulige hjelpetiltak (ulike stønader, støttekontakt, avlastning, omsorgslønn, utvidet antall dagar ved barns sykdom, ansvarsgruppe og individuell plan)
- (Informasjon til elevane i klassen og foreldra deira, ofte gjort av føresette og lærar)
- Passe på at det vert oppretta ansvarsgruppe
- Avklare arbeidsfordeling med PPT ut i frå kompetanse.
- Opplæring/trening innan aktuelle funksjonsområde ( Her har ein EIBI som mål, ikkje tilbod på det noverandre tidspunkt pga manglande kapasitet)
- Om ønskjeleg, samt gjennomførbart utifrå kapasitet og fagleg forsvarlegheit, skal avdelinga ha som mål å kunne tilby;
  - Sosial ferdighetstrening
  - Individuelle samtaler
  - Foreldregrupper / LMS
  - Behandlingsmateriell (relevant litteratur)
  - Informasjon og kontaktetablering med autisめforeninga og pasientforeninga.

**Oppfølging/ tiltak etter diagnostisering:**

Dersom 1. linjetenesta sjølv ikkje har kompetanse til vidare oppfølging etter diagnostisering, kompetansebygging vere eit tilbod i spesialisthelsetenesta.

I forkant av eit forløp med oppfølging skal der utarbeides en samarbeidsavtale. Denne avtalen blir utarbeidd i lag med kommunen.

Dersom avtalen ikkje blir fulgt opp av 1. linjetenesta, bli tiltaket avslutta i sin noverande form fra spesialisthelsetenesta si side. Vidare tiltak blir då sett ut i frå aktuelle problemstillingar.

Kvart tiltak skal evaluerast jamnleg utifrå problemstilling og målsetjing.

- 1. mnd etter at diagnosen er sett, 2 ganger i samarbeid med PPT/barnehage / foreldre
- 1. år etter at diagnosen er sett , oppfølging inntil ein gang i månaden.
- Etter dette oppfølging inntil ein gang kvar annan månad frem til skulestart.
- Overganger ungdomskole/ vidaregåande skole
- Overgan til voksenhabilitering

Ein skal så langt råd er bruke video i arbeidet med oppfølging ut til kommunane.

Tilbodet avdelinga ønskjer å tilby bør vere tilgjengeleg for pårørande og pasientar på nett slik at det er lett å finne fram til kva ein kan forvente/kreve av eit behandlingsforløp ved Barnehabiliteringa i Helse Førde.

**Interne referansar**

[KLIN-FAGP.05.02.PBU-6](#)

Autismespekter - utgreing/behandling

[KLIN-FAGP.05.02.PBU-15](#)

Retningslinjer for diagnostisering av autismespekterforstyrrelser

**Eksterne referansar****Vedlegg**